

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.06.2026	052/26
Kommunestyret	18.06.2026	066/26

Årsmelding og årsrekneskap 2025 for Øygarden kommune

Kort om saka

Kommunedirektøren legg i denne saka fram årsrekneskapen og årsmeldinga for 2025. Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 64,1 mill (1,6 % av brutto driftsinntekter). Teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at kommunar har eit netto driftsresultat som er over 1,75 % av brutto driftsinntekter for å ha ein berekraftig økonomisk utvikling.

Driftsinntektene er kr 3 972 mill, mens driftsutgiftene er kr 3 881 mill.

Bruk av lån i investeringsrekneskapen er kr 105 mill. Samla lånegjeld per 31.12.2025 er kr 3,79 mrd. Av dette er kr 2,9 mrd lån til eigne investeringar, kr 720 mill lån til vidareutlån (startlån), kr 154,4 mill vidareutlån til ØBU, kr 1,2 mill lån til forskottering spelemidlar og kr 7,5 mill til finansielle låneavtalar.

Årsmelding for 2025, årsrekneskap 2025 og konsolidert årsrekneskap 2025, revisjonsmelding og kontrollutvalet sin uttale ligg som vedlegg til saka.

Dokument vedlagt saka

Tittel
Årsmelding 2025 - Øygarden kommune
Årsrekneskap 2025 - Øygarden kommune
Konsolidert årsrekneskap 2025
Revisjonsberetning 2025
Uttale frå kontrollutvalet - Årsmelding og årsrekneskapen for 2025
Vedtak - Årsrekneskap og årsmelding for 2025 - Øygarden kommune - uttale frå kontrollutvalet
Saksframlegg med vedtak - Årsrekneskap og årsmelding for 2025 - Øygarden kommune - uttale frå kontrollutvalet

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Øygarden kommunestyre godkjenner årsrekneskap og konsolidert årsrekneskap for 2025 for Øygarden kommune.
2. Øygarden kommunestyre godkjenner årsmelding 2025 for Øygarden kommune.

Saksopplysningar

Årsmeldinga og årsrekneskapen gjer greie for drifta av kommunen i 2025. I tillegg til oversikt over den økonomiske utviklinga, inneheld årsmeldinga også mellom anna ei oversikt over dei viktigaste hendingane i året, likestilling og mangfald, internkontroll, HMS mm. Årsmeldinga føreligg som vanleg både som eit tradisjonelt tekstdokument og i ei [digital utgåve](#).

Det er kommunestyret sjølv som skal vedta årsrekneskapen, jf KommuneLOVA § 14-2 b, etter innstilling frå formannskapet. Kommunestyret skal også vedta ein konsolidert årsrekneskap. Dette er ein rekneskap som viser rekneskapen samla for kommunen inkludert kommunale føretak.

Jf. kommunelova kap. 14 er det følgjande tidsfristar for rekneskapsavsluttinga:

- Årsrekneskapen for 2025 skal vera avlagt innan 22. februar 2026 (KommuneLOVA § 14-6)
- Årsmeldinga skal vera avlagt innan 31. mars 2026 (KommuneLOVA § 14-7)
- Revisor skal avgje revisjonsberetning innan 15. april 2026 (KommuneLOVA § 24-8)
- Årsrekneskapen, skal behandlast av kommunestyret innan 30. juni 2026 (KommuneLOVA § 14-3,2. ledd)
- Kontrollutvalet skal uttala seg om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak i saka (KommuneLOVA § 14-3, 3. ledd)

Etter KommuneLOVA skal eit mindreforbruk avsettast direkte til disposisjonsfond allereie når rekneskapen vert avlagt. Eit meirforbruk i rekneskapen skal dekkast inn mot ei tilsvarende reduksjon i disposisjonsfond.

Måloppnåing

Kommunestyret har vedtatt følgjande økonomiske handlingsreglar, jf KommuneLOVA § 14-2 c:

- Netto driftsresultat 1,75 % av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond 5 % av brutto driftsinntekter
- Lånegjeld skal ikkje overstiga 100 % av brutto driftsinntekter

Resultatet for 2025 viser følgjande:

	Mål	2020	2021	2022	2023	2024	2025
--	-----	------	------	------	------	------	------

Netto driftsresultat	1,75 %	-0,5 %	-0,3 %	1,4 %	-0,6 %	-1,0 %	1,6 %
Disposisjonsfond	5 %	2,7 %	2,3 %	3,8 %	3,1 %	1,8 %	3,4 %
Lånegjeld	100 %	104,1 %	86,6 %	87,5 %	84,1 %	80,2 %	75,3 %

Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 64,1 mill (1,6 % av brutto driftsinntekter) i 2025. Til samanlikning var resultatet i 2024 eit negativt netto driftsresultat på kr 37,5 mill (1,0 % av brutto driftsinntekter). Disposisjonsfondet er auka i 2025 og er no på kr 135,5 mill (3,4 % av brutto driftsinntekter). Dette skuldast at kommunen gjekk med overskot i 2025. Ein kommune av vår storleik bør ha eit disposisjonsfond på om lag kr 300 mill i disposisjonsfond for å ha nok reservar til å takla svingingar i økonomien.

Lånegjelda i prosent av brutto driftsinntekter er redusert i høve 2025, og er i tråd med handlingsregelen. Den reelle lånegjelda er høg når ein tar omsyn til at verksemda for vatn, avlaup og renovasjon, med tilhøyrande lånegjeld, er lagt til eit eige aksjeselskap Øyvar. Øyvar AS hadde lånegjeld på kr 1,1 mrd per 31.12.2025.

Driftsinntektene er kr 3 972 mill, mens driftsutgiftene er kr 3 881 mill.

Investeringsrekneskap

Investeringsrekneskapen for 2025 viser investeringar på kr 227,6 mill, og bruk av lån på kr 105 mill. I tillegg er det nokre prosjekt, som grunna forsinka framdrift og dermed feil budsjettperiodisering mellom år, har unytta midlar ved utgangen av 2025. Desse prosjekta må budsjetterast på nytt no i 2026, og kommunedirektøren vil leggja fram eigen sak om dette. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Framleis høge renteutgifter

Renteutgifter er i rekneskap 2025 bokført med kr 183,1 mill, noko som er kr 13,1 mill meir enn budsjettet. I 2024 var renteutgiftene kr 185,7 mil, og renteutgiftene har soleis vore relativt stabile. Det var i budsjettet for 2025 rekna med tre rentenedsetjingar i løpet av året i tråd med ekspertfråsegner. Dette slo ikkje til.

Likviditet

Som omtalt i årsmeldingen er likviditeten betra sidan 2024. Likviditetsgraden fortel noko om kommunen sin evne til å dekkja sine kortsiktige forpliktingar. Likviditetsgrad 1 (omløpsmidlar/ kortsiktig gjeld) bør vera over 2. For Øygarden kommune er dette nøkkeltalet auka frå 1,51 per 31.12.2024 til 1,60 per 31.12.2025. Likviditetsgrad 2 er forholdet mellom dei mest likvide omløpsmidlane og kortsiktig gjeld. Dei mest likvide omløpsmidlane er kasse, bank og marknadsbaserte plasseringar som er klassifisert som omløpsmidlar. Likviditetsgrad 2 bør vera over 1. For Øygarden kommune er dette nøkkeltalet auka frå 0,87 per 31.12.2024 til 0,94 per 31.12.2025.

Vurdering og konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret godkjenner rekneskap og årsmelding for Øygarden kommune for 2025. Kommunen har mottatt ein rein revisjonsberetning.

Forbetringspunkt som revisor peiker på i nummerert brev nr 6 vil brukast til forbetningsarbeid i 2026 for å styrka interne rutiner og kontroll.

Rekneskap og årsmelding for 2025, revisjonsberetning og kontrollutvalet sin uttale ligg som vedlegg til saka. Kommunedirektøren viser elles til årsmeldinga for meir detaljar knytt til drifta i 2025.

Formannskapet 09.06.2026:

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet - 09.06.2026 - 052/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

1. Øygarden kommunestyre godkjenner årsrekneskap og konsolidert årsrekneskap for 2025 for Øygarden kommune.
2. Øygarden kommunestyre godkjenner årsmelding 2025 for Øygarden kommune.

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling i møtet

Det var 44 representantar i møtet under behandling av denne saka då Eilert Hellesøy (KrF) hadde permisjon.

Votering

Formannskapet si tilråding (lik kommunedirektøren sitt forslag) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.06.2026 - 066/26

1. Øygarden kommunestyre godkjenner årsrekneskap og konsolidert årsrekneskap for 2025 for Øygarden kommune.
2. Øygarden kommunestyre godkjenner årsmelding 2025 for Øygarden kommune.